



Bjørnsons tankar om ein *Æresret for Pressen*

av Ole Bjørn Rongen

Bjørnstjerne Bjørnson har, saman med andre av våre framståande forfattarar, fått sin plass også i norsk pressehistorie. Men Bjørnsons pionertankar om ein «Æresret for Pressen», ein slags forløpar for Pressens faglege utval (PFU) ser ut til å vera oversett av pressehistorikarane. Allereie rundt 1900 skreiv han offentleg om behovet for ein æresrett, og han hadde konkrete framlegg både til organisering, arbeidsmåte og sanksjonar.

Pressa sjølv, ved Norsk Presseforbund som vart stifta i 1910, fekk først oppnemnd sitt «faglige utvalg» med tre mann heilt på slutten av 1920-talet, og først i 1938 vart utvalet formalisert med eigne reglar. Den første versjonen av Ver varsam-plakaten kom i 1936.¹

Valdgiftsaka

Det var rett nok tidlegare snakk om ei «journalistisk voldgiftsordning», faktisk heilt attende til 1883 då den kortvarige «Den norske journalistforening» blei skipa. Men formålet var heile tida å løyse konfliktar *innan* pressa, t.d. mellom redaktørar av ulike politiske fargar som ofte brukte sterke ord om kvarandre. Austerriksk og fransk presse hadde slike organ alt

før 1900 der formålet var å få slutt på duellar mellom ærekjære pressefolk.² Her heime var nok rettssaker mellom redaktørar om ærekrenking eit større problem enn blodige duellar. Forslaget om ei valdgiftsordning frå Den konservative Presses Forening frå 1900 opererte med tre ulike slag konfliktar: 1. Begge partar høyrer til same presseforeining. 2. Partane høyrer til forskjellige presseforeiningar. 3. Ein av (eller begge) partane høyrer ikkje til nokon av dei politiske presseforeiningane. Det var med andre ord aldri snakk om at folk *utanfor* pressa skulle kunne ta opp sine klagemål mot ei avis. Dåtidas «presseoffer» fekk ta sakene sine opp i rettsvesenet.

Det same galdt dei mange andre

forsлага om, og forsøka på å få i stand, ei valdgiftsordning eller ein «æresrett» for pressa som kom både før og etter skipinga av Norsk Presseforbund i 1910, som Ludvig Saxe skriv om i jubileumsboka (Saxe 1935). Reglane for eit valdgiftsutval med 15 medlemmar vart omsider vedtatt på landsmøtet i 1913. Saxe skriv: «I lange tider hadde det vært talt om denne valdgiftsinstitusjon som man nu fikk. Og så kom det til å vise sig at den aldri blev benyttet!» (Saxe 1935: 61). Saxe fortel også same året om ei varsle valdgiftssak mellom to redaktørar. Men saka vart trekt då det kom fram at den eine eller begge partane i følgje reglane kunne bli pålagd å dekkje utgiftene med saka. Saxe nemner ei liknande sak mellom to Haugesundsaviser i 1918 (s. 90) som det heller ikkje vart noko av, og ei sak frå 1924 (s. 118–9) der motparten ikkje gjekk med på valdgift.

Bjørnsons forslag

Det som var særmerkt for forslaga til Bjørnson, var at «æresretten» også skulle kunne brukast av folk utanfor pressa sjølv, altså som PFU i dag. Bjørnson-biograf Edvard Hoem (Hoem 2011: 542–4) siterer frå ein artikkel, «Pressen», som kom på trykk 7. mars 1899 i *Nationalbladet*, der Bjørnson lanserer «en permanent Æresret», som eit «Middel mod Pressemisbrug, som jeg oftere, men til i dag forgjæves,

har foreslaaet for Pressemænd». Bjørnson utfordrar pressefolk til å samlast om eit slikt forslag: «Hvorfor træder ikke Repræsentanter for Pressen sammen og kræver det? Der maa da være nok af Journalister, som forstaar, at her gjelder det en stor etisk Landsinteresse, og at det vilde være en Hæder for os, om vi aarket at være Foregangsmænd». Bjørnson går ikkje mykje i detalj om «Æresretten» i denne artikkelen, men han bruker uttrykket «en neutral Domstol», og han går ut frå at ein mann «som gjentagende var tilrettevist..., lærte at ta sig i Agt.» Her står ikkje noko om samansetjinga av «Æresretten» eller om reglar for handsaming av innkomne saker. Men sitatet ovanfor syner at Bjørnson tenkjer på ein slags moralske sanksjonar, om lag som i PFU i dag.

Mykje meir konkret og detaljert er Bjørnson drøyt tre år seinare, i oktober 1902, i eit brev trykt i fleire aviser³ der han offentleggjer eit brev han har sendt til ein redaktør i Wien som kommentar til eit forslag om ein internasjonal æresrett. Som i 1899 gjer Bjørnson det klart at dette er noko han har tatt opp før, «Det er nu mange Aar siden jeg foreslog for en ung Ven i Pressen, som var Formand for en Presseforening, at faa i stand særskilt Æresret, for Strid mellem Journalister indbyrdes og med andre, som fornærmede eller fornærmedes, skadedy eller

skadedy i Pressen.» Verd å merkje seg her, er at Bjørnson er tydeleg på at denne æresretten også skal kunne brukast ikkje berre av pressefolk seg imellom, men også av andre som vert ramma av journalistiske overtramp.

Bjørnson går mykje lenger enn sjølvdommeordninga i PFU, ja, han går også noko lenger enn ulike forslag om eit medieombod som har vore lagde fram og så lagde vekk i nyare tid. Han vil ha eit statleg byrå som får tilsendt to eksemplar av kvart publiserte nummer av aviser og tidsskrift. Og, «I Spidsen for Bureauet skulde staa en Dommer, ansat og lønnet av Staten, han skulde være Præces i enhver Æresret. De stridende Parter skulde opnævne hver sin Dommer, og disse tre til sammen have inappelabel Avgjørelse. For denne Ret kunde føres Vidner og procederes». Bjørnson seier ikkje noko om korleis saker kjem opp for denne æresretten. Vi får tru at det skjer etter klage frå dei som kjenner seg «fornærmede eller skadedy». Samstundes får vi vel tenkje at ein statstilsett dommar også har ein slags «initiativrett» slik som den generalsekretæren i Norsk Presseforbund har i PFU i dag.

Medan straffa for brot på god presseskikk i ei sak som er oppe i PFU, berre er skamma ved at avgjorda må publiserast, så går Bjørnson også her mykje lenger: «Dommen skulde have

Lovskraft. Den kunde bestaa i Dadel, Mulkt, Vederlag og som sværeste Straf (især for slemme Gjentagelses-Tilfælder) Uværdighed til Pressevirksomhed. Da at vedblive paadrog baade ham og dem, der brugte ham, Mulkt». Den alvorlegaste straffa her føreset nærmast at redaktøryrket eller journalistikken er ein profesjon som krev ei form for lisens for praktisering. Det er interessant med tanke på drøftinga av journalistrolla, der det er semje om at journalistikk er ein halv-profesjon eller ein kvasi-profesjon i motsetning til «ekte» profesjonar som t.d. advokat og lege.

Går lenger enn PFU

Bjørnson går mykje lenger i 1902 enn i artikkelen frå 1899. Då var det snakk om at «Pressen skulde spendere paa sig at holde en permanent Æresret, som belyste og fordømte slig Skrive-maade, hvergang det krævedes». Men nå i 1902 vil han ha eit statleg byrå og ein æresrett med makt til å dømme. Det er ikkje lenger snakk om eit initiativ frå pressa sjølv, som med dei tidlegare forslaga om ei valdgiftsordning, enda om utgangspunktet er eit brev frå ein redaktør i Wien. Det er vel neppe dette omfattande forslaget som Bjørnson mange år tidlegare hadde nemnt for ein ung ven «som var Formand for en Presseforening»? Kan den venen ha vore Fredrik Bætzmann, som var

første formann i den første norske journalistforeninga i 1883?

Motbør for Bjørnson

Bjørnson fekk ikkje dø i synda. Han fekk fort svar frå nettopp Fredrik Bætzmann, nå politisk redaktør i Aftenposten, og ein gammal ven frå det første Italia-oppaldet på 1860-talet. Bætzmann er elles kjent i pressehistoria for ein svært kort karriere som Dagblad-redaktør i 1883, der Bjørnson spela ei viss rolle både i å få kasta den sitjande redaktøren, Nicolai Grevstad, og i å rekruttera den nye, Bætzmann.⁴ Bætzmann syntet seg å vera meir Høgre-mann enn Venstre-mann og blei kjapt kippa ut til fordel for Lars Holst. Sidan var han utanrikskorrespondent, og altså politisk redaktør i Aftenposten.

To dagar etter at Bjørnsens «Æresret for Pressen» stod på trykk i Aftenposten kom Bætzmanns kommentar, med den sterkt polemiske tittelen, «Bjørnstjerne Bjørnson som Tolk for russisk Justits». Bætzmann tar først for seg juridiske problem med dei straffene som i følgje Bjørnsens forslag æresretten skulle kunne dømma til. Det ville kreyja «videregaaende Forandringer med vor Presselovgivning». Anten måtte alle avisartiklar vere underteikna av forfattaren eller så måtte ein redaktør eller utgjevar vere pålagd å oppgje kven som var

forfattaren av ein artikkel etter krav frå einkvan som «fandt sig at være fornærmet» av artikkelen. Sjølv om dette ikkje høyrest så urimeleg ut i våre dagar, så kjem den internasjonalt orienterte Bætzmann med døme på korleis ei slik ordning slett ikkje fungerte «under det andet franske Keiserdømme». Der vart alle kritiske artiklar underskrivne av ein av dei lågast rangerte medarbeidarane i avis, dei kritiske pennane gjekk fri og heldt fram med kritikken.

Når det gjeld påbod om eller lovfestiging av alltid å oppgi namnet på artikkelforfattaren, så har slike forslag alltid blitt avviste, skriv Bætzmann. «Der er bleven nedlagt udtrykkelig Protest mod denne Inkvisition.» Politikarane har ikkje vågd å ta denne kampen med pressa fullt ut: «Selv paa nok saa magtsygt – og magtindbilsk – hold har man veget tilbage for at stille en Konflikt med Pressen af denne Art paa Spidsen.»

Frå desse juridiske vurderingane går Bætzmann vidare og tar for seg straffen med «Uværdighed til Pressevirksomhet», «den sværeste Straf» i forslaget til Bjørnson. Her legg ikkje Bætzmann fingrane imellom:

... den av Bjørnstjerne Bjørnson udkastede Tanke om Adgang til at Belægge en 'missliebig' Journalistikk med stedsevarende Interdikt – et Slags

'borgerlig Død' – er jo helt fremmed for europeiske Retsbegreber. Det er i russisk Tænkesæt og i den russiske administrative Justis, den hører hjemme. Maaske er den hentet direkte herfra; muligens er den født selvstændig hos den norske Autokrat i Kraft alene af et hyppig iagttager Aandsslegtskab til den Kant.

Bætzmanns beiske kritikk her, og også andre spark til Bjørnsens «ofte forkynchte og ofte benyttede russiske forbindelser», må sjåast i samanheng med Bjørnsens meir positive syn på Russlands rolle i verdspolitikken enn det som kunne tolast i Bætzmanns Aftenposten.⁵

Dei alvorlegaste overgrepene som pressa kan gjera seg skuldig i, er, i følgje Bætzmann, «dels i Fastholden af utvetydig dementerede Beskyldninger, dels i Indblanding i den offentlige Debat af rent personlige, private Ting». Den som vert ramma av slike misbruk frå pressa, er nesten fullstendig verjelaus. For det å forsvara seg mot «det private Æresskjændri ... forbyder det simpleste Anstændighedshensyn ham jo at benytte sig af.» Skulle det vera behov for noko generelt forbod («et almindeligt Interdikt»), så måtte det vera overfor ein forfattar «hos hvem disse Forsyndelser viste sig at være bleven til Vane». Og «der vil neppe være delte Meninger om» at det nettopp er Bjørnson sjølv som på desse

punkta har forsynda seg både grovare og hyppigare enn andre i norsk presse, skriv Bætzmann. Altså vil Bjørnsens foreslalte æresrettsordning først og fremst kunne ramme han sjølv!

Bjørnsens forslag

om æresrett 110 år etter.

Bætzmanns kvasse penn og retoriske gaver råka nok hardt i oktober 1902. Men kor står denne striden i dag, i ordskiftet om presseetikk, om PFU, sjølvdommeordning, og medieombod? Om vi deler opp forslaget til Bjørnson, og tar til med Bætzmanns første innvending, om å namngi artikkelforfattaren, så ser vi kjapt at innvendinga ikkje lenger er relevant. Medan dei aller fleste artiklar i avisene i 1902 var usignerte – Bætzmann gjorde sjølv eit unntak i sin kommentarartikkel mot Bjørnson, han underteikna med «F.B.» og gjorde eit poeng av at han her etterkom eit ofte uttrykt ønskje frå Bjørnson! – er det motsatt i dag: artiklane har både namn og ofte biletet av forfattaren! Striden om anonyme innlegg dreier seg no om debattsidene i nettavisene. Spørsmålet om kjeldevern, vern av anonyme kjelder, jmf. Ver Varsom-plakatens 3.4, 3.5 og 3.6, er ei nærskyldt sak, men bruk av anonyme kjelder for meiningsutsegner er sett på som därleg tone, sjølv om det ikkje er spesifikt definert som brot på god presseskikk.

Så til spørsmålet om sanksjonar eller straffereaksjonar. Bjørnson er ikkje kategorisk, han skriv at dommen «kunde bestaa» i kritikk («Dadel»). Det er som i dag, PFU-avgjerdene skal offentleggjera. Vidare nemner Bjørnson «Mulkt» og «Vederlag». Arbeidsgruppa som på 1990-talet utreidde spørsmålet om eit medieombod i Norge, drøfta også spørsmålet om økonomiske sanksjonar, men konkluderte mot dette, ikkje minst på grunn av den sterke motstanden frå pressehald. Men fleirtalet (to av tre) i arbeidsgruppa «mener imidlertid at økonomiske sanksjoner kan tenkes å ville føre til større gjennomslag for avgjørelsene, og at bransjen på nyt bør vurdere fordeler og ulemper ved et gebyrsystem.» (NOU 1996:12, s. 61). Og det har vore blant dei viktigaste innvendingane mot pressas sjølvdommeordning med PFU, at sanksjonane har vore avgrensa til kritikk og til krav om offentleggjering av denne kritikken. Spørsmålet om det i tillegg til ei fellande utsegn i PFU også skulle gjevast bøter eller gebyr har opp gjenom åra vore drøfta i Norsk Presseforbund (NOU 1996:12, s. 36). I Sverige vert det i samband med kritikk gitt eit ekspedisjonsgebyr, gradert etter opplaget til den kritiserte avisa (NOU 1996:12, s. 26). I Danmark er det slik at dersom avisa eller mediet nekta å offentleggjera eit fellande vedtak, kan

saka takast til retten der nekting kan gi bøter eller fengsel. (NOU 1996:12, s. 29). Også stortingsmeldinga *Media i tida* frå 1992–93 meiner presseorganisasjonane bør vurdera ordninga med eit ekspedisjonsgebyr og elles andre sanksjonsformer.⁶

Når det så gjeld den «sværeste Straf» i forslaget frå Bjørnson, «Uværdighed til Pressevirksomhed» for «slemme Gjentagelse-Tilfælder», så kan det sjå ut som eit slags yrkes forbod. Og Bætzmann tolkar forslaget i verste meinings. Men forslaget er jo ikkje utvikla hos Bjørnson. Han seier ikkje noko om kor lang ein slik periode av «Uværdighed» eventuelt skal vera. I dag kan det vera naturleg å sjå dette i samband med konsesjonsvilkår for å driva radio eller fjernsyn. Og då er forslaget i tråd med t.d. forslaget frå medieombod-arbeidsgruppa: «Konsesjonspliktige mediebedrifter bør dog kunne risikere å miste konsesjonen eller møte restriksjoner på sin virksomhet, om de flere ganger unnlater å rette seg etter oppfordring fra medieombudet eller pålegg fra klageorganet/PFU» (NOU 1996:12, s. 59). Også *Media i tida* (s. 63) meiner det er «tenkjeleg at utesettenging kan nyttast mot medium som gjer seg skuldige i særlig grove etiske overtramp».

Moderne Bjørnson

Vi ser at Bjørnson ikkje berre var tidleg ute med forslag om ein æresrett for pressa. Han gjekk klart lenger enn den presse-interne valdgiftsordninga som pressa sjølv sleit med å bli samd om, og som ikkje blei brukt då det omsider vart semje. Truleg var Bjørnson den aller første som var ute med framlegg om ei klageordning som også kunne brukast av folk utanfor pressa. Og i forslaget frå 1902 er han ganske konkret. Kritikken frå Bætzmann er både kvass og elegant, men ved nærmare analyse kanskje meir angstbitersk polemisk enn sakleg relevant. Bjørnson står også her som ein foregangsmann. Grunngjevinga Bjørnson gir for forslaget sitt, kunne (i nyare språkform) godt vore brukt av ein pressekritikar også i dag: «Den moderne Presse har en saa overhaandtagende Indflydelse paa Folkets Moral og Foretagender, at det, som kan gjøres for at stramme Journalistens Æresfølelse og Ansvar, maa Staten ikke anse for sig uvedkomende. Bestaaende Lov forslaar ikke».

Bjørnson var 70 år i 1902 og Bætzmann ironiserte over dei ulike «Jubilæums-Skrifter» som skulle komme ut i det høvet. Han meinte at i all denne litteraturen måtte ikkje kapitlet om «Bjørnstjerne Bjørnson og Pressen» saknast. Det er vel sant nok også i dag – og no heilt utan ironi. Og det trengst kanskje meir enn berre eitt kapittel. Då første bindet av Bjørnson-biografien til Edvard Hoem kom ut i 2009 sa forfattaren at tidlegare biografar har oversett nettopp denne sida ved Bjørnson: pressemannen, redaktøren og spaltisten Bjørnstjerne Bjørnson.⁷ Det same gjeld Bjørnsons rolle som foregangsmann på det presseetiske området.

Artikkelen er fagfellevurdert.

Ole Bjørn Rongen er
førsteamanuensis i journalistikk
ved Universitetet i Stavanger.

NOTER

- 1 Sjå t.d. Olaf Solumsmoen, *Vær varsom redaktør*, 1966, for forhistoria og dei ulike forslaga til eit fagleg utval for pressa, og elles kapitlet «God presseskikk blir til», i Bind 2 av *Norsk presses historie 1660-2010*, Oslo 2010.
- 2 Desse døma er nemnde i *Om Anvendelse af Voldgift i Pressesager. Indstilling fra den af den konsernative Presses Forening i 1897 nedsatte Komite*, Kristiania 1900, s.9-10.

- 3 *Aftenposten, Fædrelandsvennen, Norske Intelligenz-Seddeler, og Gudbrandsdølen.* Brever stod på trykk dels 21. og dels 22. oktober 1902. Dette brevet er ikke nemnt av Hoem i det fjerde bindet av Bjørnson-biografien, *Det evige forår*, 2013, som tar for seg åra 1899-1910.
- 4 Aldo Keel, *Bjørnstjerne Bjørnson. En biografi 1880-1910*, Oslo 1999, s. 69-71, Martin Eide, *Den redigerende makt*, Oslo 2000, s.233-4, og Hans Fredrik Dahl, red., *Utskjelt og utsolgt. Dagbladet gjennom 125 år*, 1993, s. 16, 233, 333, og 337-8. Om Bætzmann elles, sjå *Salmonsens Konversationsleksikon, 2. udg., Bind 4*, 1916 og *Norsk Biografisk Leksikon, Bind 2*, 1925, s. Sjå m.a. Hoem, *Syng mig hjæm*, s. 355-6, 408-11, 444-8.
- 5 St.meld.nr 32 (1992-93) *Media i tida*, s. 63.
- 6 Sjå intervju med Edvard Hoem av Olav Brostrup Müller i *Klassekampen*, 7. november 2009.

- Salmonsens Konversationsleksikon, 2.udg. Bind 4 (1916). København: Schultz.
 Saxe, L. (1935). *Norsk Presseforbund 1910-1935*. Oslo: Norsk presseforbund.
 Solumsmoen, O. (1966). *Vær varsom redaktør*. Oslo: Universitetsforlaget.
 St.meld.nr 32 (1992-93). *Media i tida*. Oslo: Kulturdepartementet.

LITTERATUR

- Bjørnson, B. (1899, 7. mars). Pressen. *Nationalbladet*.
- Bjørnson, B. (1902, 21. oktober). Æresret for Pressen. *Aftenposten*.
- Bætzmann, F. (F. B.) (1902. 23. oktober). Bjørnstjerne Bjørnson som Tolk for russisk Justits. *Aftenposten*.
- Dahl, H. F., hovedred. (2010). *Norsk presses historie 1660-2010*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Dahl, H. F., red. (1993). *Utskjelt og utsolgt. Dagbladet gjennom 125 år*. Oslo: Aschehoug.
- Den konservative presses forening (1900). Om Anvendelse af Voldsgift i Pressesager.
- Indstilling fra den af den konservative Presses Forening i 1897 nedsatte Komite. Kristiania: Den konservative presses forening.
- Eide, M. (2000). *Den redigerende makt. Redaktørrollens norske historie*. Kristiansand: IJ-Forlaget/Høyskoleforlaget/Norsk redaktørforening.
- Hoem, E. (2011). *Syng mig hjæm. Bjørnstjerne Bjørnson 1890-1899*. Oslo: Oktober.
- Hoem, E. (2013). *Det evige forår. Bjørnstjerne Bjørnson 1899-1910*. Oslo: Oktober.
- Keel, A. (1999). *Bjørnstjerne Bjørnson. En biografi 1880-1910*. Oslo: Gyldendal.
- Müller, O. B. (2009, 7. november). Hyller journalisten Bjørnson. *Klassekampen*.
- Norsk Biografisk Leksikon, Bind 2 (1925). Oslo: Aschehoug.
- NOU 1996:12 (1996). *Medieombud*. Oslo: Kulturdepartementet.